



Arkivnr: 2018/10531-1

Saksbehandlar: Odd Bjarne Berdal

**Saksframlegg****Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for opplæring og helse		15.05.2018
Fylkesutvalet		31.05.2018

**Oppretting av TAF-tilbod i Restaurant- og matfag ved Fusa vgs****Samandrag**

Fylkestinget gjorde i desember 2017 følgjande vedtak:

«Fylkestinget ser at Restaurant- og matfag har utfordringar knytt til rekruttering og gjennomføring. Næringslivet har behov for lærlingar, og elevar som vel restaurant- og matfag har gode moglegheiter til å få seg lærepass. Hordaland fylkeskommune skal etablere eit nettverk mellom fylkeskommunen, stat, næringsliv, matprodusentar, næringsmiddelindustrien og andre aktuelle aktørar med mål om å jobbe fram ein tiltaksplan for auka rekruttering og gjennomføring innan restaurant- og matfag.»

Eitt tiltak for å svare på utfordringa med tanke på rekrutteringa til Restaurant- og matfag kan vere å auke rekrutteringsgrunnlaget og samstundes styrke omdømet til faget gjennom å etablere eit TAF-tilbod. Fusa vgs søker om å etablere eit slikt tilbod (sjå vedlagde søknad) med oppstart hausten 2019. Erfaring frå andre utdanningsprogram tilseier at etablering av TAF-tilbod har styrka omdømet til faga og dermed også rekrutteringa. Skulen har starta dialog med aktuelle samarbeidspartnarar som til dømes Helse Bergen (sjå vedlagde uttale) om lærepassar for utdanninga.

Fylkesrådmannen ser det som tenleg å skape føreseielege vilkår for skulen og samarbeidsbedrifter i næringslivet til å kunne etablere tilboden frå hausten 2019. Dette vil gi grunnlag for at skulen så raskt som mogleg kan etablere forpliktande avtalar med lærebedrifter om eit TAF-tilbod. Fylkesrådmannen tilrår difor at fylkesutvalet gir sin tilslutnad til søknaden slik at skulen kan starte planlegginga.

Formelt vedtak om oppretting av tilbod som skal vere råd å søkke i Vigo, skjer gjennom den såkalla klassesaka hausten 2018.

**Økonomi:** Kostnadene er avhengig av korleis undervisninga vert organisert. Under føresetnad av at det ikkje vert oppretta fleire klassar innan fellesfaga, vil auka lønskostnader til undervisninga utgjere om lag 0,5 mill. kr per år i det omfang som er skissert i søknaden.

**Klima:** Ingen kjende effektar

**Folkehelse:** Tiltaket vil potensielt bidra til auka fullføring av vidaregåande opplæring, noko som er viktig i eit folkehelseperspektiv.

**Regional planstrategi:** Tiltaket vil bidra til å levere kompetanse som næringslivet i Hordaland etterspør

## **Forslag til innstilling**

Fylkesutvalet sluttar seg til at Fusa vgs arbeider vidare med målsetting om å etablere eit TAF-tilbod innan Restaurant- og matfag med oppstart hausten 2019.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Svein Leidulf Heggheim  
fylkessjef opplæring

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

### Vedlegg

- 1 Søknad - TAF-tilbod Restaurant- og matfag
- 2 Uttale Helse Bergen, TAF-tilbod Restaurant- og matfag

## Fylkesrådmannen 24.04.2018

Fylkestinget gjorde i desember 2017 følgjande vedtak:

«Fylkestinget ser at Restaurant- og matfag har utfordringar knytt til rekruttering og gjennomføring. Næringslivet har behov for lærlingar, og elevar som vel restaurant- og matfag har gode moglegheiter til å få seg lærepass. Hordaland fylkeskommune skal etablere eit nettverk mellom fylkeskommunen, stat, næringsliv, matprodusentar, næringsmiddelindustrien og andre aktuelle aktørar med mål om å jobbe fram ein tiltaksplan for auka rekruttering og gjennomføring innan restaurant- og matfag.»

Eitt tiltak for å svare på utfordringa med tanke på rekrutteringa til Restaurant- og matfag kan vere å auke rekrutteringsgrunnlaget og samstundes styrke omdømet til faget gjennom å etablere eit TAF-tilbod. Fusa vgs søkjer om å etablere eit slikt tilbod (sjå vedlagde søknad) med oppstart hausten 2019. Erfaring frå andre utdanningsprogram tilseier at etablering av TAF-tilbod har styrka omdømet til faga og dermed også rekrutteringa. Skulen har starta dialog med aktuelle samarbeidspartnarar som til dømes Helse Bergen (sjå vedlagde uttale) om lærepassar for utdanninga.

Fylkesrådmannen ser det som tenleg å skape føreseielege vilkår for skulen og samarbeidsbedrifter i næringslivet til å kunne etablere tilboden frå hausten 2019. Dette vil gi grunnlag for at skulen så raskt som mogleg kan etablere forpliktande avtalar med lærebedrifter om eit TAF-tilbod. Fylkesrådmannen tilrår difor at fylkesutvalet gir sin tilslutnad til søknaden slik at skulen kan starte planlegginga.

Formelt vedtak om oppretting av tilbod som skal vere råd å søkje i Vigo, skjer gjennom den såkalla klassesaka hausten 2018.